


O-88140

Vurdering av to oppdretts- lokaliteter i Høydalsfjorden



NIVA – RAPPORT

Norsk institutt for vannforskning  NIVA

Hovedkontor Postboks 33, Blindern 0313 Oslo 3 Telefon (02) 23 52 80 Telefax (02) 39 41 29	Sørlandsavdelingen Grooseveien 36 4890 Grimstad Telefon (041) 43 033 Telefax (041) 42 709	Østlandsavdelingen Rute 866 2312 Ottestad Telefon (065) 76 752	Vestlandsavdelingen Breiviken 5 5035 Bergen - Sandviken Telefon (05) 95 17 00 Telefax (05) 25 78 90
--	--	--	--

Prosjektnr.: O-88140
Undernummer:
Løpenummer: 2185
Begrenset distribusjon:

Rapportens tittel: VURDERING AV TO OPPDRETTSLOKALITETER I HØYDALSFJORDEN	Dato: 23/12 1988
	Prosjektnummer: O-88140
Forfatter (e): L. G. Golmen S. R. Erga	Faggruppe: Akvakultur
	Geografisk område: Sogn og Fjordane
	Antall sider (inkl. bilag): 52


Oppdragsgiver: Steinvik Fiskefarm a/s, 6940 Eikefjord	Oppdragsg. ref. (evt. NTFN-nr.):
--	----------------------------------

Ekstrakt:
I rapporten er to ulike sjøområde vurdert med omsyn til eignaheit for for lakseoppdrett. Områda ligg i indre delen av Høydalsfjorden innafor Florø. På eine området (lokaliteten) blir det i dag dreve oppdrett med 8000kbm merdvolum. Det vil bli søkt om å auke volumet til 12000 kbm. Det andre området vil bli brukt som reserve/avløstningslokalitet. NIVA har foretatt målingar av straum, hydrografi, oksygen og nærings-salt ved dei to lokalitetane. Ut frå måleresultata er det gjort eignaheits-vurderingar, m.a. ved hj. av NIVAs EDB modell for belastning frå fiskeoppdrett. Samtlige berekningar og betraktningar tilseier at ut frå dagens kriteriar er begge dei to vurderte lokalitetane eigna for 12000 m³ volum

4 emneord, norske:
1. akvakultur
2. resipient
3. eutrofi (marin)
4. vannutskifting


4 emneord, engelske:
1.
2.
3.
4.

Prosjektleder:



L. G. Golmen

For administrasjonen:



ISBN - 82-577-1473-9

INNHALD

SAMANDRAG	
1. INNLEIING.....	2
2. GENERELT OM KRAV TIL EIN OPPDRETTSLOKALITET.....	4
2.1. Miljøeffekter.....	4
2.2 Oppdrettsfisk og miljøkrav.....	7
3. HØYDALSFJORDEN. MORFOLOGI OG VERTILHØVE.....	10
3.1. Morfologi.....	10
3.2. Vertilhøve.....	12
4. MÅLEPROGRAM OG DATAPRESENTASJON.....	13
4.1. Hydrografi.....	13
4.1.1. Vertikalprofilar av T,S og O ₂	13
4.1.2. Tidsseriar av S og T.....	16
4.2. Straummålingar.....	18
4.3. Andre registreringar.....	26
5. DISKUSJON.....	27
LITTERATUR.....	33

- Apendiks 1. Hydrografiske observasjonar. Tabell
- Apendiks 2. Oksygenobservasjonar. Tabell
- Apendiks 3. Notat om straumtilhøve og Fôring.
- Apendiks 4. Resultat av modellberekningar for hovedlokalitet og reservelokalitet.

SAMANDRAG

Steinvik Fiskefarm A/S har gitt NIVA i oppdrag å vurdere to lokalitetar i Høydalsfjorden m.o.t. eignaheit for fiskeoppdrett. Vurderingane er gjort med tanke på framtidig konsesjonsutviding til 12000 m³ merdvolum.

I perioden september-oktober 1988 er det foretatt kontinuerleg straummåling ved dei to lokalitetane h.h.v. i Steinvika og ved Seljeset. Vidare er det gjort målingar av hydrografi (sjiktning m.m.), oksygen og næringssalt ved dei to lokalitetane.

For å vurdere dei to lokalitetane ut frå innsamla data og opplysningar om drift på anlegget m.m. er det foretatt konsekvensanalyser for fisken ut frå følgjande metoder/kriteriar:

1. Straum: Max. og minimumsverdiar. "Nullstraumsepisoder".
2. Oksygen: Forbruk i merdane under ulike straumtilhøve og ved ulik fisketettleik m.m.
3. Næringssalt: Effekter av konsentrasjonsauke p.g.a. oppdrettsaktivitet.
4. Salinitet-temperatur: Optimale verdiar; osmotisk stress.

For å vurdere effekter på resipienten og på fisken, er NIVAs modell for belastning frå oppdrettsanlegg anvendt, der ulike data tilhøyrande dei to lokalitetane inngår. Det er gjort generelle betraktningar omkring auka belastning som føgje av produksjonsauke frå tilsvarende 8000m³ til 12000m³ merdvolum.

Både modellberekningar og andre berekningar tilseier at ut frå dagens gjeldande kriteriar for vasskvalitet, er både hovedlokaliteten og reservelokaliteten akseptable for framtidig drift med 12000m³ anlegg. Dagens hovedlokalitet i Steinvika er ut frå våre data om straumtilhøve den best eigna lokaliteten.

STEINVIK FISKEFARM A/S**NATURFAGLEG VURDERING AV HOVEDLOKALITET OG RESERVELOKALITET****1. INNLEIING**

Steinvik Fiskefarm sitt matfiskanlegg er plassert i Steinvika i indre deler av Høydalsfjorden, aust for Florø. Sjå fig. 1.1. Dagens konsesjonsvolum for anlegget er 8000 m³. Det er meininga å søke om løyve til å utvide til 12000 m³. I dette høve blei NIVA-Vestlandsavdelinga sommaren 1988 kontakta for å vurdere eksisterande lokalitet m.o.t. utviding. Både konsekvensar for det marine miljøet, og lokalitetens generelle eignaheit for oppdrett var det ønske om å få vurdert. I samband med dette oppdraget er også ein lokalitet lenger vest i Høydalsfjorden vurdert, med tanke på å bli etablert som reserve -eller avlastningslokalitet.

Prosjektet er i si form to-delt:

1. Vurdering av miljøkonsekvensar (eit utvida anlegg sin påverknad på det marine miljøet).
2. Vurdering av effekten på fisken som følgje av utviding (dårlegare vassutskifting: verre vilkår for fiskens vekst.)

Både vedrørande 1. og 2. er det gjort granskingar dei seinare åra. Miljøkonsekvensane av oppdrettsaktiviteten er eit mykje omtala tema, og ein opplever strid om tal og storleikar. For del 2. sin del, finns det ein del grenseverdier å halde seg til (fiskens toleranse). Felles for tidlegare granskingar og målingar, er at utgangspunktet har vore anlegg av max. 8000 m³ storleik. Det er ikkje utan vidare klart at ein kan overføre resultat direkte til eit 12000 m³ anlegg. Vi har i denne rapporten hatt som




Fig. 1.1. Utsnitt av sjøkart nr 27, markering av noverande anlegg (Steinvik Fiskefarm A/S), påtenkt reservelokalitet, samt smoltlokalitet i Høydalsfjorden. ○ : Hydr. stasjon, △ : Straummålar.

utgangspunkt eksisterande kunnskap om effekter, og så freista å overføre desse til eit anlegg av omsøkt storleik. Det er utan vidare klårt at ein her har mykje ugjort når det gjeld forskning, og at behovet for relevant forskning vil presse seg på etter kvart som søknadstalet for utvidingar aukar.

Våre granskingar baserer seg stort sett på vurdering av straumtilhøve og utskifting i de aktuelle områda. Dette er basert m.a. på kontinuerlege registreringar av straum og hydrografi. Det er vidare tatt sjøvassprøver for analyse av næringssalt m.m., og det er tatt stikkprøver av sediment. Måle og analyseresultata er så vurderte opp mot eksisterande og forventa belastning i dei ulike lokalitetane.

2. GENERELT OM KRAV TIL EIN OPPDRETTSLOKALITET.

2.1 Miljøeffekter

Effektene av oppdrett på det marine miljøet betår i føste rekkje av tilførsler av nitrogen, fosfat og org. materiale. Dei to førstnemnde påskundar primærproduksjon i sjøen, med eventuelle sekundæreffekter som auka organisk belastning og oksygenmangel som resultat. Organisk mareriale blir nedbrote på bekostning av oksygenet i sjøen. Fiskens eigen respirasjon bidrar til nitrogenbelastning (ammonium), og til oksygenforbruk.

Eventuelle negative miljøeffeker vil i første rekkje vere lokale, enten i form av botnfall, eller negative effekter i og i nærleiken av merdane. Håkanson m.fl. (1988) gir tal for storleik på ein del miljøbelastningsparametrar. Deira utgangspunkt er å estimere gjennomsnittsverdiar for produksjonssesongen. Dei får tal for samla belastning t.d. pr. år frå eit anlegg.






Fig.2.1.1. Oksygenbelastning, N og P tilførsler april-december frå anlegg med 100 tonn netto årleg prod. (Håkanson m.fl. 1988).

Eit regnbogaure anlegg med netto årsproduksjon 100 tonn, er oppgitt å avgje følgjande til sjø og/eller botn (førfaktor 1.5):

Oksygenforbruk:	143 tonn O ₂
Nitrogen:	9.4 " N
Fosfor:	1.1 " P

Oksygenforbruk er summen av respirasjon og BOD (biologisk nedbryting av ekskrement), h.h.v. ca. 70% og 30%. Fosforbelastninga er i stor grad i form av ekskrement (ca. 90%). Nitrogenbelastninga består av utskilt ammonium (80%) og fekalier (20%). Desse tala indikerer altså at det er først og fremst nitrogenet som belastar det omgjevande sjøvatnet, mens fosforbelastninga er ein sekunder prosess, i form av langsam lekkasje frå sediment. Stigebrandt (1986) med sin modell for belastning frå fiskeoppdrett, har argument for at fisken i hovudsak skil ut fosfor direkte til vatnet. Ved eit anlegg med lav forfaktor, er det såleis lite fosfor som sedimenterer. Molvær m.fl. (1988) fann at fosforutskiljinga består av 90% fosfat, mens nitrogentilførslene (løyst) består av 66% ammonium. Molvær m.fl. fann vidare at N:P forholdet (vekt) av utslepp frå eit anlegg var ca 6, m.a.o. nær den optimale verdien (7.2), slik at planteplankton under normale omstende effektivt kan utnytte utskilt N og P frå eit anlegg.

Belastinga frå oppdrettsanlegg er ikkje jamnt fordelt over sesongen. Fig. 2.1.1. Syner tidsutviklinga for oksygenforbruk, samt N og P belastning. Dei høgste verdiane finn ein i perioden august til oktober. Dagleg N og P belastning er då av storleiksorden 60 kg N og 6-7 kg P (Håkanson m.fl. (1988). Oksygenbelastninga kjem opp i 700 kg O₂ (respirasjon) og 400 kg BOD. Også den daglege belastninga varierer sterkt. Oksygenforbruk t.d. har minimum før daggry, og max. ved foring, mens nitrogenutskiljing har eit seinare (3 timar etter) maksimum. Fosfor- og nitrogenutskiljing er heller ikkje heilt i fase (Molvær m.fl. 1988).

2.2 Oppdrettsfisk og miljøkrav

Fiskens toleranse, eller minstekrav til miljø og vasskvalitet, kan i prinsippet definerast ved eit sett av grenseverdier for ulike miljøparametrar. Dette gjeld i første rekkje oksygeninnhald og ammonium/ammoniakk i sjøvatnet. Ei rad andre parametrar påverkar fisken, og dens trivsel og vekst. I dag finns det ingen godkjenningsordning når det gjeld miljøparametrar på ein oppdrettslokalitet. Styres-/maktene manglar kriterier, eller minstegrenser. Dette gjer at skjønsmessige vurderingar i høg grad må anvendast i vurderingar om kor godt eigna ein spesifikk lokalitet er for oppdrett. Det er klart at fisk kan overleve kortare perioder der straum eller oksygen ligg under generelt aksepterte minimumsverdiar.

Straumtilhøve - vassutskifting.

Gode straumtilhøve ved eit oppdrettsanlegg er avgjerande for fisken sin trivsel og for vassmiljøet i og rundt anlegget. Stagnerande vatn vil kunne føre til kritiske oksygenverdier i vatnet, og store konsentrasjonar av respirasjonsprodukt frå fisken, m.a. ammonium.

For straumfart gjennom eit anlegg vil det gjelde ein kritisk minimumsverdi som er avhengig av ei rekkje faktorar, slik som fisketettleik, temperatur, O_2 -innhald og fôringsrate. Aure (1983) har for eit anlegg med medels fisketettheit $8-10 \text{ kg/m}^3$ antyda 2 cm/sek. som minimum for medelstraumen gjennom merdane. Større fisketettleik vil fordre sterkare medelstraum. Straumen inne i ein merd og utanfor vil vere forskjellig. Notveggen vil dempe gjennomstrøyminga, og fisken inne i merdane vil i seg sjølv dempe eller endre strøymingsmønsteret. Sterkt tilgrodde nøter vil krevje hastigheiter rundt 10 cm/sek. (Møller, 1976). Lite er enno kjent om kva effektar fisken og fiskens eigen bevegelse i seg sjølv induserer i strøymingsmønsteret.

Straumen gjennom og forbi anlegget medverkar også til at avfallsstoff blir transportert vekk, og at ekskrement, fôr-

restar o.l. ikkje sedimenterer under anlegget. Nyare granskingar tyder for øvrig på at forureining frå oppdrettsanlegg raskt blir spreidd/fortynna i den delen av vasssøyla som ligg over terskeldjup (Aure og Stigebrandt 1988, in prep.).

Det er få stadar ein har einsretta og stabil straum. Regelen er heller at straumen varierer på ulike frekvensar. Den mest markerte variasjonen langs Norskekysten og i fjordane er knytta til det halvdaglege tidevatnet, men effektar knytta til endringar i vertilhøve o.a. føyer seg til, og kan gi eit komplisert strøymingsmønster. Begrepet medelstraum må difor brukast med reservasjon, og knyttast til andre parametrar som viser variabiliteten i straumen. I akvakultursamanheng skulle desse tilhøva m.a. tilseie at føring av fisken i ein periode med null straum (når tidevatnet snur) bør unngåast. Likeeins bør føring i for sterk straum (tidevasstraumen maksimal) også unngåast, for å redusere fôrspillet (Sjå Apendiks 3).

Periodar med for sterk straum kan vere eit problem ved oppdrettsanlegg m.a. gjennom den dynamiske/mekaniske belastninga dette medfører. Særleg dersom notveggane gror til, vil dette representere eit faremoment, ved reduksjon i effektivt merdvolum og ved fare for havari. Tilgroing må derfor haldast under oppsyn, og reduserast om nødvendig. Sjå Pedersen (1982).

Oksygenkonsentrasjonen i øvre vasslag har nøye samanheng med straumtilhøve og vassutskifting. Metningsverdiane for oksygen er bestemt av salinitet og temperatur i vatnet. Fig. 4.5. viser metningsverdiar som funksjon av salinitet og temperatur. Varmt (og salt) vatn har mindre evne enn kaldt vatn (og ferskt) til å løyse opp gassar som oksygen.

Oksygen blir tilført vassmassene frå to kjelder: fra atmosfæren og frå planteplanktonet og tang og tare sin fotosyntese. Oksygenet blir fjerna ved kjemisk og organisk nedbryting, samt respirasjon. I sjøen blir oksygen




Fig. 2.2.1. Diagram som syner metningsverdi (ml/l) for oksygen i sjøvattn som funksjon av salinitet og temperatur.

transportert via molekylær og turbulent diffusjon, samt adveksjon. Det øverste vassjiktet som står i umiddelbar kontakt med atmosfæren, blir rekna for å vere metta, eller også svakt overmetta (Broecker og Peng, 1982). Observasjonar frå oppe hav i arktiske strok har imidlertid vist at

overflatevatn også kan vere markert undermetta, (Clarke, 1986).

Oksygentilførselen frå atmosfæren ned i vassmassene er ein langsam prosess (Broecker og Peng, 1982). I eit oppdrettsanlegg er ein difor avhengig av ei advektiv tilførsle av oksygenrikt vatn.

Om sommaren er vatnet varmt (låge metningsverdiar for O_2), samstundes som oksygenforbruket er stort (stor aktivitet og vekst hos fisken). I slike perioder er det ekstra viktig å ha gode utskiftingstilhøve rundt anlegget. Det er påvist ein samanheng mellom stagnasjon i vekst hos oppdrettsfisk og danning av små oksygenfrie lommer eller "mikro-miljø", særleg nær botnen (Avnimelech og Zohar 1986). Slike små lommer lar seg vanlegvis ikkje påvise ved vanlege prøvetakingsmetoder. Ei sikker gardering mot at slike tilstandar oppstår, er gode straumtilhøve.

I våre vurderingar har vi tatt utgangspunkt i gjeldande estimat for utslepp frå oppdrettsanlegg (avsn. 2.1). Saman med våre data om straum, hydrografi og vasskvalitet m.m. har vi freista å estimere kor mykje ekstra belastning resipienten (den frie vannmassen) og fisken kan tåle. Vi har ikkje foretatt noka særskildt sedimentgransking.

3. HØYDALSFJORDEN. MORFOLOGI OG VERTILHØVE.

3.1 Morfologi

Høydalsfjorden strekkjer seg i tilnærma aust-vest retning, i ei legde av om lag 10 km. Breidda er av storleiksorden 3 km i yte del, og 2 km i indre delen (austafør Langeneset). Overflatearealet er estimert til 25 km^2 (rekna austover frå ei S-N line som tangerer vestenden av 1. Timberøy). Samla vassvolum er om lag $3.3 \cdot 10^9 \text{ m}^3$. Derav omlag $0.3 \cdot 10^9 \text{ m}^3$ austanfor ei line nordover frå V-spissen av Langeneset. Fjorden har ingen markerte tersklar, men områda S av Timberøyane har ein del djupe parti som teoretisk kan ha




Fig. 3.1. Botnkonturar ved dei to lokalitetane, teikna på basis av hydrografisk original.

reduisert vassutskifting. Dei nordlege områda av fjorden, som er direkte berørt av dei oppdrettsanlegga som blir omtalt her, har djupvass-samband vestover gjennom ei renne med kontinuerleg aukande djup vestover. Anlegget i Steinvika ligg i eit noko grunnare område, med djupare område austafør Hjortøya (fig. 1.1.). Fig. 3.1. syner botnkonturane for 10, (20), 50 og 100 meter rundt dei to lokalitetane. Konturane er handteikna, på grunnlag av hydrografisk original frå Sjøkartverket.

I samband med LENKA prosjektet er det foretatt ei grov-inndeling av fjord- og kystområda i Sogn og Fjordane. Den førebels inndelinga går ut på å karakterisere Høydalsfjorden som eit A-område, d. v. s. beste kategori når det gjeld teoretisk vassutskifting (omsyn til tersklar) (T. Tørresen, Planavd. hos Fylkesmannen i S. og Fj.- pers. komm.). Berre dei sørlege delene, ved Osvikholmane, er karakterisert som B område. Overgang frå A til B område går m.a. på kor stor prosentdel av fjorden som er grunnare enn 50 m. Sjøkartet

for Høydalsfjorden syner at den nordlege delen har terskelfritt samband vestover mot Solheimsfjorden. Stongasundet, Ålvårsundet og sunda mellom Ålvåra og Timberøya har tersklar (fig. 1.1.). I Øyasundet har det vore vanskeleg ut frå sjøkartet å fastslå terskeldjup (T. Tørresen, pers. komm.).

3.2 Vertilhøve.

Vertilhøva påverkar straum og hydrografi. Opplysningar om vertilhøva føre og under prøvetaking/måling kan gje verdfull tilleggsinformasjon ved datatolkinga. Det er ikkje her rom for inngåande klimaanalyse. Meteorologisk Institutt i Oslo har framskaffa måleresultat frå Ytterøyane Fyr, for perioden sept.-okt. 1988, samt middelveidiar for perioden 1984-1988 (vind).

Temperatur: September hadde 12 grader i månadsmiddel. Tilsvarande verdi for oktober 1988 var 8.9 grader. Normalverdiane er h.h.v. 12 og 8.7 grader (Kinn). M.a.o. temmeleg normale temperaturtilhøve i lufta mens våre sjømålingar blei gjort.

Nedbør: September 1988 hadde 249 mm, oktober 113 mm. Normalane er h.h.v. 175 og 213 mm. M.a.o. våtare september, og tørrare oktober enn normalt.

Vind: Vanlegaste vindretning på Ytterøyane er SV i september og S i oktober. September 1988 hadde mest vind frå vest. Oktober hadde mest innslag av S-SØ vind, men også med unormalt mykje nordavind (18% av observasjonane).

4. MÅLEPROGRAM OG DATAPRESENTASJON


4.1. Hydrografi

4.1.1. Vertikalprofilar T,S og O₂


I løpet av måleperioden for straum, blei det tatt ein del vertikalprofilar med sonde, for å få kartlagt sjiktnings-tilhøve m.m.. Under utsettinga av straummålarane blei det tatt tre profilar, sta.1,2 og 3 ved h.h.v. reservelokaliteten, hovedanlegget og reservelokaliteten ved Osstrupen (fig. 1.1.).

Til profileringa blei det nytta Salitermssonde, som måler temperatur og salinitet (eigentleg konduktivitet) i sjøen. I nokre høve blei det i tillegg målt vertikalprofil av oksygen med YSI oksygenprobe (60 m kabel). Ved hj. av vasshentar blei det tatt vassprøver i utvalde djup for. m.a. å få kalibrert sondemålingane. I tillegg blei det tatt prøver for analyse av næringssaltinnhald m.m. (avsn. 4.3). Vertikalprofilane av S,T og O₂, samt utrekna densitet (tettleik til sjøvatnet) er presentert i fig. 4.1.a-g. Dei (kalibrerte) måleverdiane er tabellerte i appendix 2. Grunna feil ved målesonden, vart det ikkje målt salinitet i dei tiltenkte måledjup mot slutten av perioden. Vassprøver kompensere til ei viss grad denne mangelen.

6/9 var det gjennomgåande uvanleg høge temperaturverdiar gjennom heile vassøyla, med verdiar rund 14 -15 grader i dei øvste 50 meter av vassøyla. Under målingane 16/10 var desse verdiane falle merkbart, til under 10 grader. Reservelokaliteten og hovedlokaliteten har tilnærma same sjiktningsstilhøve. Verdiane (salinitet) er såpass høge at dei indikerer liten fare for tilhøve som kan medføre osmotisk stress på fisken (atterhald om sterke nedbørsperioder). Oksygenverdiane syner gode tilhøve under vår prøvetaking, med verdiar mellom 5.5 og 7 ml/l (85-110% metn.).




PROFILE: hoydalsfjrdn 1988 PROFILE: hoydalsfjrdn 1988
 STA: 1 ; POS: 6.667°N 10.000°E ; TIME:88. 9. 6 : ... STA: 2 ; POS: 6.667°N 10.000°E ; TIME: 0. 8.80 : 9. 6




PROFILE: hoydalsfjrdn 1988 PROFILE: HOYDALSFJORD 1988
 STA: 3 ; POS: 6.667°N 10.000°E ; TIME:88. 9. 6 : 17 STA: 4 ; POS: 6.667°N 10.000°E ; TIME:88. 9.21 : 15. 0

Fig. 4.1.a-d. Vertikalprofilar av Salinitet (SAL), temperatur (TEM), oksygen (OXY) og densitet (SGM) i Høydalsfjorden i perioden september-oktober 1988.


20,00	21,60	23,20	24,80	26,40	28,00	20,00	21,60	23,20	24,80	26,40	28,00
24,00	26,40	28,80	31,20	33,60	36,00	24,00	26,40	28,80	31,20	33,60	36,00
4,00	4,80	5,60	6,40	7,20	8,00	4,00	4,80	5,60	6,40	7,20	8,00
9,00	10,40	11,80	13,20	14,60	16,00	9,00	10,40	11,80	13,20	14,60	16,00



PROFILE: hoydalsfjrdn 1988
 STA: 5 ; POS: 6.667°N 100.000°E ; TIME:88. 9.21 : 14



PROFILE: hoydalsfjrdn 1988
 STA: 6 ; POS: 6.667°N 10.000°E ; TIME:88.10.16 : 12.10



PROFILE: HOYDALSFJORD 1988
 STA: 7 ; POS: 6.667°N 100.000°E ; TIME:88.10.16 : 13. 0

Fig. 4.1.e-g. Vertikalprofilar av Salinitet (SAL), temperatur (TEM), oksygen (OXY) og densitet (SGM) i Høydalsfjorden i perioden september-oktober 1988.

4.1.2. Tidsseriar av S og T

Figur 4.1. h presenterer tidsseriane av salinitet og temperatur i Steinvika og på reservelokaliteten. Sjå tabell 4.1 og fig. 1.1 for plassering av dei ulike målarane m.m.. Registreringane er gjort v. hj. av straummålarane, som stod i 3 m djup og nær botn på dei to stadane (avsn. 4.2.). Data frå målarane nær botn var delvis av dårleg kvalitet, og er ikkje presentert.

Hovedlokalitet, 3 m djup: Lågaste observerte salinitet var 16 (20/9). Midlare salinitet låg rundt 27-28. Høgste verdi var i overkant av 30. Episodene med relativt raske, og markerte endringar i salinitet, f.eks. 20/9: Fall frå 26 til 16, og påfølgjande auke frå 16 til 27 i løpet av eit par timar. Sjølv om den lågaste verdien ikkje var ned mot den mest kritiske grensa for osmotisk stress (ca. 12 i salinitet), bør ein vere merksam slike episoder, og notere seg under kva vertilhøve m.m. dei synest å opptre. Temperaturen avtar gradvis gjennom måleperioden. Temperaturen heldt seg rundt 15 grader til medio september (jamfør avsn. 4.1.1.) Lågaste temperatur var 11 grader.

Hovedlokalitet, 18 m djup: Målingane var befengt med ein del signalstøy etter første veka i sjøen, slik at ein må vere varsam med tolkinga av siste del av serien. Variasjonane i S og T er rimelegvis mindre enn i 3 m djup. Saliniteten varierer mellom ca. 30 og 33(?). Temperaturen fell gradvis, frå ca. 15 grader til ned mot 12 grader ved slutten av måleperioden (16/10). Kortvarige T-variasjonar er av storleiksorden ein grad, med typisk periode lik tidevatnets. At temperaturen varierer slik, indikerer at tidevatnet bidrar til utskifting/ vasstransport også i dette djupet. Der er to karakteristiske perioder med markerte periodiske svingningar i temperaturen: i byrjinga og mot slutten av serien. Desse tidspunkta svarar til omtrent nymåne.




Fig. 4.1. h. Tidsseriar av salinitet og temperatur, målt samstundes med straummålingane. Saltmålingane i 18 m på hovedlokaliteten har mykje signalstøy, truleg fordi målaren tidvis har berørt botn. Nokre datoar er indikert på tidsaksen. Merk at Y-akse skaleringen varierer frå serie til serie.

Reservelokalitet, 3 m djup: Her blei det kun gjort temperaur-registeringar. Variasjonane er godt korrellerte med variasjonane på hovedlokaliteten.

Reservelokalitet, 18 m djup: Temperaturen avtar gradvis utetter måleperioden. Mot slutten er det høgare temperatur i 18 meter enn i 3 meters djup. Dei tidevassgenererte variasjonane som framkom på hovedlokaliteten, er tydeleg også her. I tillegg framkjem også meir langperiodiske variasjonar. Saliniteten aukar markert mot slutten av måleperioden, til oppmot 34, sansynlegvis i samband med ei meir storstilt utskifting (sjå avsnitt 4.2.).

4.2. Straummålingar.

To strauummålar-riggjar var utplassert i området, i perioden 6/9 til 16/10 1988. Ein rigg stod nær hovedanlegget, og ein rigg på reservelokaliteten (sjå fig. 1.1). Fig. 4.2.1. syner ei skisse av ein rigg. Kvar rigg hadde to måleinstrument, h.h.v. nær overflata (ca. 3m djup) og nærmare botn (ca. 20 m). Tre instrument var av typen Aanderaa RCM, som i tillegg til å registrere straumfart- og retning, også registrerer salinitet og temperatur. Måleintervallet var 10 minutt, d.v.s. 6 registreringar pr. time. Eit fjerde instrument var av typen Sensordata SD2000, som registrerer straumfart- og retning, samt temperatur. Tabell 4.1. syner ein oversikt over målingane.

Tabell 4.1. Oversikt over straummålingane i september-oktober 1988.

<u>POS</u>	<u>INSTR.</u>	<u>DJUP</u>	<u>MÅLEPERIODE</u>	<u>MÅLEINTERV.</u>	<u>MÅLTE PARAM</u>
Steinvik	Aa277	3m	6/9 - 16/10	10 min	Hast, retn, S, T
"	Aa900	18m	" - (")	"	"
Res. lok.	Gy-4	3m	6/9 - 10/10	24 min	Hast, retn, T
"	Aa9000	18m	6/9 - 16/10	10 min	Hast, retn, S, T


Måleintervallet for SD2000 instrumentet var 24 minutt. Dette instrumentet slutta å registrere nokre dagar før dei andre, fordi det elektroniske minnet var fullt. Om lag ei veke etter utsetjing, blei riggen som stod ved hovedanlegget flytta litt, etter at riggen var dratt under vatn (glidd utfor ein undervass-skrent). Etter flyttinga må nederste instrument (nr 900) ha blitt liggande så nær botnen at dei påfølgjande straummålingane delvis er ubrukelege. Observasjonane frå første veka gir imidlertid sannsynlegvis god indikasjon på straumtilhøva nær botn, som under alle omstende må reknast å vere svakare enn overflatestraumen.

Resultata av straumobservasjonane er synt som ordinære tidsserieplott (ingen sub-sampling eller filtrering), (fig. 4.2.2 og 4.2.3.), samt som progressiv vektor plott i figur 4.2.4 og 4.2.5. I dei progressive vektor plotta er kvar einskild straumobservasjon addert vektorielt til den foregåande, slik at ein får eit inntrykk av nettotransport i målepunktet, og eventuelle endringar av transport over tid (dynamikk).

Hovedlokalitet, 3 m djup: Figur 4.2.2. (øverste ramme) syner tidsserien av fart, samt nord-sør (U) og aust-vest (V) komponent av straumen. Middelstraum er rundt 8 cm/s.

Maksimal observert
 straum var 40 cm/s
 (26/9). Kun kortvarige
 episoder med straum
 under 1 cm/s (deteksjon-
 sgreusa for instrumen-
 tet). Tidevatnets
 inverknad er merkbar,
 med ikkje fullstendig
 dominerande. Fig. 4.2.4.
 syner progressivt
 vektorplott for denne
 serien. Nettotransporten
 ved anlegget er retta
 mot NV, og er av
 storleiksorden 2.5 cm/s.

Hovedlokalitet, 18 m
 djup: Måleserien var her
 redusert til ca ei veke.
 4.2.2. (nederst)
 indikerer Maksimalstraum
 rundt 5 cm/s, med med
 lengre perioder med
 straum under deteksjon-
 sgreusa (1.1. cm/s).
 Straumretningen har
 imidlertid variert (ror-
 vinkel variasjon),
 jamfør U og V varias-
 jon. U og V komponentane
 indikerer hovedstraum-
 retning mor SØ (positiv
 U-komp., negativ V-
 komp.). Storleiken på
 denne nettostraumen er
 av storleiksorden 1 cm/s.



Skisse av strø-
 målerrigg.

Fig. 4.2.1. Skisse av straummålarrigg.





Fig. 4.2.2. Tidsserieplott av strømmålingane på hovedlokaliteten (Steinvika). Øverst: 3 m djup. Nederst: 18 m djup.

Reservevokalitet 3m GYTRE S02000

M=GY-4 N= 2047 FUVT D= 24 T=880906-1509 Z=3 PS=Reserve Loka





Fig. 4.2.3. Tidsserieplott av strømmålingane på reser-
velokaliteten. Øverst: 3 m djup. Nederst: 18 m djup.





Fig. 4.2.4. Progressivt vektordiagram for strømmålingene i 3m på hovedlokaliteten (øverst) og i 18 m på reservelokaliteten.




Fig.4.2.5. Progressivt vektorplott for strømmålingane i 3 m djup på reservelokaliteten.

Reservelokalitet, 3 m djup: Fig. 4.2.3. syner maksimalstraum rundt 15 cm/s, og typisk middelstraum rundt 5 cm/s. Der er kun kortvarige episoder med "null-straum" (2-3 timar maks.). Den progressive vektorframstillinga (fig. 4.2.5.) syner nettostraum stort sett mot NV. Første del av måleperioden er imidlertid transporten svært variabel, vekslande mellom NV eine dagen, og SØ hin. I perioden 23/9 til 27/9 er nettostraumen meir einsretta mot NV, for deretter å igjen bli meir variabel. Sorleiksordenen for nettostraumen for heile måleperioden er 1.5-2 cm/s.

Reservelokaliteten, 18 m djup: Fig. 4.2.3. syner relativt god straum i dette djupet. Høgste målte fart var 13 cm/s. Typisk middelstraum var 3 cm/s. Av progressivt vektorplott (fig 4.2.4.) ser ein at nettostraumen var nordgåande, og av storleiksorden 0.7 cm/s. der er bra rørsle i vatnet heile tida (max varigheit av "null-straum" episoder var rundt eit døger).

4.3. Andre registreringar

6/9 og 16/10 blei det tatt vassprøver for analyse av næringssalt, alger m.m. Nokre resultat er synt i tabell 4.2.

Tabell 4.2. Oversikt over analyseresultat for næringssalt m.m. ved hovedlokalitet (H.l.) og reservelokalitet (R.l.).

Pos/djup	Tot-N	PARAMETER				TOC
		($\mu\text{g/l}$)			(mg/l)	
		Tot-P	NO_3	NH_4	PO_4	
H.l. 6/9						
1.5m:	144	4.0	11	6	0.5	1.7
10m:	156	6.0	12	8	2.5	1.8
30m:	153	6.0	34	13	3.5	1.8
H.l. 4/10						
1m:	299	14.0	29	94	2.0	
5m:	149	8.0	14	7	<0.5	
10m:	155	11.0	17	24	2.0	
30m:	137	12.0	43	3	4.0	
H.l. 16/10						
1m:	168	11.0	45	10	2.0	
5m:	149	11.0	52	7	4.0	
10m:	155	13.0	55	8	4.0	
30m:	162	14.0	70	7	6.0	
R.l. 16/10						
1m:	168	14.0	46	5	5.0	
5m:	168	12.0	50	5	5.0	
10m:	155	11.0	47	11	4.0	
30m:	155	17.0	74	5	7.0	

Sediment-prøver.

16/10 Blei det tatt eit grabbhogg like ved anlegget på hovedlokaliteten. Sedimentet bestod av fin sand, med islett av brunsvarte partiklar. Ingen H_2S lukt.

Algeprøver.

5. DISKUSJON

Våre måledata har som siktemål å gje grunnlag for å vurdere hovedlokaliteten m.o.t. drift med 12 000 m³ merdvolum, samt å vurdere reservelokaliteten m.o.t. generell eignaheit. Krava til ein reservelokalitet vil avhenge av i kor stor grad denne blir brukt, men generelle eignaheitskriterier kan likevel anvendast i vurderingane. Område med marginale miljøvilkår vil likevel kunne nyttast til oppdrett dersom ein tar omsyn og reduserer f. eks. fisketettleik.

Dagens utgangspunkt er eit 8000 m³ anlegg på hovedlokaliteten i Steinvika, med estimert årsproduksjon 300 tonn laks. (I følgje opplysningar om drifta, blei det i 1987 slakta 300 tonn, og for 1988 er slaktemengda estimert til 310 tonn). Ved normal drift med 2 årgangar i anlegget, og med slakting fordelt over året, vil maksimal biomasse i merdane vere lågare enn årsproduksjonen. Det er ikkje meldt om sjukdom eller åtferdsavvik hos laksen som kan tilskrivast dårlege miljøtilhøve.

Anlegget gjev i dag inntrykk av å vere godt dreve, med m.a. regelmessig notvasking og godt tilsyn med fisken. Straumsetjar er i bruk inne ved land. Under NIVAs befaringar var det ikkje observert lokale eutfierings-effekter. Nylege granskingar av sediment under anlegget, (utført i regi av Gjensidige Forsikringsselskap) synte liten forureiningseffekt. Nedanfor diskuterer vi lokalitetane ut frå våre måledata og registreringar.

Salinitet-temperatur:

Våre hydrografiske målingar avdekka ingen markante forskjeller mellom dei to lokalitetane. Inst i fjorden, ved Osstrupen, er det tidvis markert ferskvasstilførsle, slik at hovedlokaliteten periodevis teoretisk kan ha noko meir brakkvassinnslag enn reservelokaliteten. Våre målingar kan ikkje gje absolutt svar på om dette er tilfelle, sidan dei er gjort over eit relativt kort tidsrom. I middel må begge lokalitetane seiast å ha gode salinitetsforhold for laks, med verdiar mellom 25 og 30 i vår måleperiode. Vi kan ikkje utelukke at markerte sprang i salinitet kan skje

om våren, t.d. i samband med snøsmelting. Våre registreringar oppfanga iallfall ei slik episode, (hovedlokaliteten) med relativt markert fall og påfølgjande auke. Denne episoden var assosiert med vestavind, men ikkje med ekstra nedbør. September hadde for øvrig vesentleg mindre nedbør enn normalt (avsn. 3.2.) Minimumsverdien for salinitet var ikkje ned mot fåregrensa for osmotisk stress for laks, som er rundt 12. Kor stor stressfaktor salinitetsendringar av storleiksorden lik den vi har målt utgjjer, er uklårt. Større/raskare endringar er observert andre stader, utan at alvorlege problem har oppstått. Ved låge temperaturar er imidlertid stressfaren vesentleg større.

Oksygen:

Våre registreringar av oksygen synte gode tilhøve, med verdier nær metning ved dei fleste observasjonane (jamfør fig. 2.2.1. og apendiks 2), sjølv nær anlegget. Dei lågaste verdiane (80-90 % metn.) blei observert 16/10. Metningsreduksjonen skuldast endra salinitets- og temperaturtilhøve i sjøen, og ikkje mindre oksygenmengde i sjøen, jamfør apendiks 2. I september var det unormalt høg temperatur i sjøen. Dette vil vanlegvis medføre ekstra vekst/aktivitet hos fisken, og generelt auka oksygenforbruk (respirasjon og org. nedbryting). Dette hadde ikkje gjort seg utslag i lokal reduksjon i oksygeninnhald (utanfor merdane) på tidspunktet for våre målingar.

Næringssalt:

Våre prøver er tatt på utsida av anlegget (ca. 30 m ifrå), og må såleis betraktast som å representere bakgrunnsnivået i området, og ikkje max. verdier. Prøvetakingsstasjonen låg også slik til i høve til dominerande straumretning at prøvene ikkje kan ventast å reflektere direkte effekter frå anlegget. Verdiane frå prøvene (tabell 4.2.) syner TOC verdier representative for ein ikkje belasta resipient. Nitrat og fosfatverdiane syner aukande verdier frå 10 meter til 30 meters djup. Dei gjev ikkje uttrykk av noka form for (lokal) næringssalt belastning. På begge lokalitetane er

der ein tendens til høge N/P forhold. TotN/TotP var 30/1 (atomforhold) og $(\text{NO}_3 + \text{NH}_4)\text{N}/(\text{Po}_4 - \text{P})$ var 35/1 den 16/10 ved hovedlokaliteten. På reservelokaliteten var tilsvarende verdier h.h.v. 28/1 og 25/1. Til samanlikning er N/P forholdet i havet i middel lik 16/1 (atomforhold). Dei relativt høge N/P verdiane kan enten skuldast relativt overskot av N eller underskot av P. Ved anlegget kan ein teoretisk forvente et relativt N overskot, men dette er truleg ikkje observert, sidan verdien på reservelokaliteten er tilnærma lik. Dei høge N/P verdiane skuldast difor truleg eit relativt P-underskot. Dette kan vidare skuldast ferskvasspåverknad på begge lokalitetane, sidan ein normalt finn P-underskot i ferskvatn.

Ammoniumnivået er ikke unormalt høgt. Kritisk (letal) grense for ammonium innhald varierer med temperatur og pH. Ved pH = 8.5 og T = 15 grader, er denne grensa omlag 1.1 mg/l, (1100 µg/l) (Bjerknes m.fl. 1988), m.a.o. langt over våre observerte verdier. Det må imidlertid anmerkast at våre prøver ikkje blei tatt inne i sjølve anlegget, det ammoniumkonsentrasjonen vil vere størst.

Straum:

Hovedlokaliteten.

Straummålingane ved hovedlokaliteten var gjort nær eksisterande anlegg (fig.1.1.). Målingane representerer tilhøva for dei ytterste merdene. Det er her eventuelle tilleggsmønder er tenkt plassert, i samband med utvidinga. Målingane i 3 m djup synte god middelstraum (8 cm/s), og ingen ekstraordinære perioder med stagnerande vatn. Nettotransporten var tilnærma einsretta, mot NV. Dette indikerer at det vesentlegaste av suspendert avfallsstoff i øvre sjikt blir transportert ut fjorden frå anlegget. Botnstraumen er i følgje våre (dels mangelfulle) målingar retta mot SØ. m.a.o inn fjorden. Med atterhald for dårleg datadekning, indikerer dette at eventuelt re-suspendert sediment blir transportert inn fjorden.

Reservelokaliteten.

Måleresultata synte her akseptabel middelstraum (5 cm/s) i

3 m djup, men svakare enn på hovedlokaliteten. Også nettostraumen var svakare, og mindre einsretta, enn på hovedlokaliteten. Nettostraumsretninga var for måleperioden sett under eitt ut fjorden. Der var imidlertid lange perioder (1-2 veker) med liten nettostraum, som vil kunne medføre at overflatevatn vil kunne bli ført fram og tilbake gjennom anlegget fleire gonger, med ein teoretisk fåre for oppkonsentrasjon av m.a. ammoniakk.

Straumen i 18 m djup var relativt sterk (middel 3 cm/s). Nettostraumretninga hadde ein norgåande tendens, noko som truleg skuldast topografisk styring. Ut frå lokal topografi er det er rimeleg å anta at hovedtransporten er retta ut fjorden. Ut frå strømmålingar og generell erfaring frå ulike oppdrettslokalitetar, synes verdiane på reservelokaliteten å vere akseptable for plassering av eit 12000 m³ anlegg. Erfaring frå drift av større anlegg knyter seg førebels til ytre kyststok (m.a. MOWIs 2 anlegg ved Turøy og Haveøy på Sotra), der straumtilhøva sannsynlegvis er betre.

Effekt av auka beasting.

1. Modellberekningar

Vi har anvendt ein numerisk EDB-modell for berekning av belastning frå fiskeoppdrett (Stigebrandt, 1986). Input til modellen er basert på våre måledata om straum etc., samt m.a. anleggsstorleik lik 12000 m³, og fisketettleik lik 30kg/m³. Input-parametrar, såvel som resultat er tabellert i apendiks 4. Modellen indikerer ingen markerte effekter av auka ammoniumkonsentrasjon og redusert oksygeninnhald på nokon av lokalitetane.

2. Korttidseffekter

Modellen ovanfor tar utgangspunkt i ein middeltilstand for straum m.m. Ved å ta utgangspunkt i målt oksygenkonsentrasjon, og varigheit av perioder med svak straum, kan vi under gjevne føresetnader (sjå Bjerknes m.fl.1988) berekne teoretisk max fisketettleik i merdane. Med to timar stagnasjon, i ein periode med sterk vekst (10 kg O₂-/dag/tonn fisk i forbruk), får ein ca. 55 kg fisk pr m³ som

øvre grense for fisketettleik. Dette er godt over vanleg tettleik (25-30 kg/m³), slik at både hovedlokalitet og reservelokalitet med oksygen som utgangspunkt har god teoretisk kapasitet.

Om vi tar tilsvarande utgangspunkt for ammonium m.o.t. den før nemnde letalgrensa, får vi ein max fisketettleik på 37 kg fisk/ m³, også over vanlege verdiar for eit normalt anlegg.

